

# «Forslag til endringer i barnehageloven (Innføring av lovregler om psykososialt barnehagemiljø og internkontroll mm.)»

## Svar på høyring frå Bømlo kommune

Vidare kommenterer me lovforslaga etter kvar endring som er føreslått.

§ 3 skal lyde:

§ 3 Barns rett til medvirkning og hensynet til barnets beste

Barn i barnehagen har rett til å gi uttrykk for sitt syn på barnehagens daglige virksomhet.

Barn skal jevnlig få mulighet til aktiv deltakelse i planlegging og vurdering av barnehagens virksomhet.

Barnets synspunkter skal tillegges vekt i samsvar med dets alder og modenhet. Hva som er best for barna, skal være et grunnleggende hensyn i barnehagens arbeid.

**Bømlo kommune:** sluttar seg til forslaget om endring i lovteksten. Dette stør kommunens arbeid med BTI (betre tverrfagleg innsats - <https://bomlo.betreinnsats.no/>) der eit av hovudprinsippa er at foreldre og barn skal delta i å utforma tiltak i høve barn med særskilte behov. I Bømlo kommune sin nyleg vedtekne «Kommunedelplan for oppvekst», ligg barns beste som eit overordna prinsipp i alt arbeidet sektoren skal gjera.

Ny § 7 c skal lyde:

§ 7 c *Krav til samlet barnehageanlegg*

Kommunale og private barnehagers lokaler og utearealer skal ligge samlet med mindre det foreligger særlege hensyn som tilsier at de bør ligge på ulike steder. Kravet gjelder ikke for familiebarnehager.

**Bømlo kommune:** sluttar seg til forslaget, først og fremst i høve til godkjenning av nye barnehagar. Det må likevel sikrast at barnehagar som alt er godkjente, får ei overgangsordning, slik at ikkje kommunen sitt samla barnehagetilbod vert svekka i perioden der barnehagen omorganiserer, eller flyttar. For å sikra at barnehagane får tilstrekkeleg tid til å tilpassa seg nytt regelverk, føreslår kommunen ei tidsramme på to år i overgangsordninga.

Bømlo ser det også som viktig at kommunen har høve til å gjera unntak frå kravet, dersom særlege omsyn tilseier dette. Kommunen må få gjera si vurdering i høve til særlege omsyn som t.d. gangavstand mellom bygga, omsyn til nærmiljøet barnehagen er lokalisert i, samt i høve til barnehagen si pedagogiske organisering. Pedagogisk bemanning og storleik på styrarressurs er også omsyn, som kan vera aktuelt å vurdere. Kommunen sitt tilsynsansvar vil vera med å sikra dette, i lag med pedagognorm. Det vil

også vera ein styrke at det kjem nærmare presisering om krav til stillingsressurs for barnehagestyrar.

Ny § 7 d skal lyde:

§ 7 d *Internkontroll i barnehagen*

Den ansvarlige for barnehagen skal ha internkontroll for å sikre at kravene i barnehageloven og forskriftene til loven følges.

Internkontrollen skal være systematisk og tilpasset barnehagens størrelse, egenart, aktiviteter og risikoforhold.

Ved internkontroll etter denne paragrafen skal den ansvarlige for barnehagen

- a) utarbeide en beskrivelse av barnehagens hovedoppgaver, mål og organisering
- b) ha nødvendige rutiner og prosedyrer
- c) avdekke og følge opp avvik og risiko for avvik
- d) dokumentere internkontrollen i den formen og det omfanget som er nødvendig
- e) evaluere og ved behov forbedre skriftlige prosedyrer og andre tiltak for internkontroll

**Bømlo kommune:** har ført tilsyn på alle våre åtte barnehagar sitt internkontrollsystem etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skole*. Vår erfaring er at barnehagane har svært gode internkontrollsystem og gode system for å sikra dette. Forum for oppvekst i Sunnhordland (heretter FOS), bestående av kommunane Sveio, Etne, Stord, Fitjar, Kvinnherad og Bømlo har tilsynsordning der kommunane utvekslar tilsyn. I desse tilsyna er punkt a) ovanfor allereie ein del av tilsynsordninga. Kravet til internkontroll etter barnehagelova vil vera med å sikra at eigar si plikt til å føra kontroll med drift av eigne barnehagar og såleis ha betre innsyn i barnehagens drift, samt at ansvaret som barnehageeigar vert tydeleggjort. Kommunen som barnehagemyndede kan med dette, få innsyn ved veiledning og tilsyn. At kommunen får høve til å føra tilsyn på barnehagens internkontroll også etter barnehagelova, vil gje godt grunnlag for å avdekka ev. uheldig praksis, samt vera gode verktøy for rettleiing.

Ny § 8 a skal lyde:

§ 8 a *Krav til uavhengighet og likebehandling*

Kommunen skal organisere oppgavene den har som barnehagemyndighet uavhengig av oppgavene kommunen har som ansvarlig for en eller flere barnehager.

Kommunen skal likebehandle private og kommunale barnehager når den utfører oppgaver som barnehagemyndighet.

Ny § 12 tredje og fjerde ledd skal lyde:

Kommunen skal behandle private barnehager som mottar tilskudd, likeverdig med kommunale barnehager.

Departementet kan gi nærmere bestemmelser i forskrift om tildeling av tilskudd og hva som menes med likeverdig behandling.

**Bømlo kommune:** har berre private barnehagar og er såleis uavhengig i forhold til likebehandling av saker som angår våre barnehagar.

Me sluttar oss til forslaget om at barnehagestyrarar ikkje skal kunna utøva myndeoppgåver i eigen kommune. Kommunane i vår region har samordna tilsynet med både private og kommunale barnehagar i eit tilsynskorps, organisert i Forum for oppvekst i Sunnhordaland (heretter kalla FOS). I dette samarbeidet deltar kommunane Sveio, Etne, Stord, Fitjar, Kvinnherad og Bømlo. Tilsynskorpset er organisert ved at tilsynspar frå ein kommune fører tilsyn i anna kommune og utarbeider ein tilsynsrapport. Ein kommunal barnehage vil såleis ikkje få tilsyn frå tilsette i eigen kommune. Oppfølging av funn som vert gjort i desse tilsyna t.d. pålegg om retting, eller rettleiing, vert gjort av barnehagen sin heimkommune. Tilsynspara i FOS består av barnehagefaglege rådgjevarar på kommunenivå, ein jurist (Bømlo) og styrarar/pedagogiske leiarar. Erfaringar har synt at det kan vera uheldig, dersom tilsynsparet består av to tilsette frå barnehage også i andre kommunar og vår praksis søkjer difor å sikra at den eine deltakaren i tilsynsparet er frå kommunenivå. Dette er også med å sikra tilsynsparet legitimitet. Organiseringa i FOS er difor i tråd med vurderingane departementet gjev i høyringsnotatet.

Det kan også vera grunnlag for å utøva myndeoppgåver på tvers av kommunar i høve andre områder, som t.d. søknader om dispensasjon frå utdanningskravet.

Ein kan også tenkja seg ein praksis der ansvaret for barnehagane er delt på to personar, der ein har utøvd eigaransvar for kommunale barnehagar og ein person har myndeansvar ovanfor dei private barnehagane.

Nytt kapittel VII skal lyde:

## **VII Psykososialt barnehagemiljø**

Ny § 20 skal lyde:

### *§ 20 Nulltoleranse og plikt til fremmende og forebyggende arbeid*

Barnehagen skal ha nulltoleranse mot krenkelser som utestenging, mobbing, vold, diskriminering og trakassering. Alle som arbeider i barnehagen skal gripe inn når et barn utsettes for slike krenkelser.

Barnehagen skal arbeide systematisk for et trygt og godt barnehagemiljø som fremmer helse, trivsel og læring for alle barna, og for å forebygge tilfeller hvor barn ikke opplever at det er et trygt og godt miljø i barnehagen.

Ny § 21 skal lyde:

*§ 21 Aktivitetsplikt for å sikre at barnehagebarna har et trygt og godt psykososialt barnehagemiljø*

Alle som arbeider i barnehagen, skal følge med på om barna har et trygt og godt barnehagemiljø.

Alle som arbeider i barnehagen, skal varsle barnehagens styrer dersom de får mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø. Styrer skal varsle den som er ansvarlig for barnehagen i alvorlige tilfeller.

Ved mistanke om eller kjennskap til at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen snarest undersøke saken. Det samme gjelder når et barn eller foreldrene sier ifra om at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø.

Når et barn eller foreldrene sier ifra om at barnet ikke har et trygt og godt barnehagemiljø, skal barnehagen så langt det finnes egnede tiltak sørge for at barnet kan ha et trygt og godt barnehagemiljø. Det samme gjelder når barnehagens undersøkelser viser at et barn ikke har et trygt og godt barnehagemiljø.

Barnehagen skal lage en skriftlig plan når det skal gjøres tiltak i en sak. I planen skal det stå

- a) Hvilke problemer tiltakene skal løse
- b) Hvilke tiltak barnehagen har planlagt
- c) Når tiltakene skal gjennomføres
- d) Hvem som er ansvarlig for gjennomføringen av tiltakene
- e) Når tiltakene skal evalueres.

Ny § 22 skal lyde:

*§ 22 Skjerpet aktivitetsplikt dersom en ansatt i barnehagen krenker et barn*

Dersom en som arbeider i barnehagen, får mistanke om eller kjennskap til at en annen som arbeider i barnehagen, utsetter et barn for krenkelser som utestenging, mobbing, vold, diskriminering eller trakassering, skal vedkommende straks varsle barnehagens styrer. Styrer skal varsle den som er ansvarlig for barnehagen. Dersom det er styrer i barnehagen som krenker et barn, skal den ansvarlige for barnehagen varsles direkte av den som har mistanke om eller kjennskap til krenkelsene. Undersøkelser og tiltak etter § 21 (aktivitetsplikten) tredje og fjerde ledd skal iverksettes straks.

**Bømlo kommune** støttar lovendinga som omhandlar psykososialt barnehagemiljø og ser det som sær viktig at også dei minste barna får eit vern mot mobbing og krenkjande åtferd i barnehagen. At barnehagebarn får same rett til eit trygt psykososialt barnehagemiljø, som elevar i skulen syner også at ein ser heile oppvekst i eit samanhengande løp. Det vil vera med å sikra kontinuitet i det systematiske arbeidet med psykososialt barnehagemiljø. Lovforslaget er ei forsterking av det som alt er heimla i Rammeplan, samt at den har liknande innretning i høve førebygging – avdekking – handtering av mobbing, som på ein god måte synleggjer barnehagen sitt ansvar.



Dato: 17.10.2019  
Arkivref: 2008/1531-26071/2019 / 000

Saksbehandlar: Kristin Skare  
53423055  
kristin.skare@bomlo.kommune.no

Sak nr i møte	Utval	Møtedato
	Utval for levekår	14.11.2019

## **SVAR PÅ HØYRING "FORSLAG TIL ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA (INNFØRING AV LOVREGLAR OM PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ OG INTERNKONTROLL MM" FRÅ BØMLO KOMMUNE**

### **Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Utvalet stiller seg bak framlegget til endring av barnehagelova slik den ligg føre
2. Rådmannen får i oppgåve å senda inn svaret innan fristen

### **Dokument i saka:**

- Brev frå Kunnskapsdepartementet datert 12.08.2019
- Høringsnotat «Forslag til endringer i barnehageloven»
- Bømlo kommune sitt svar på høyringa
- [Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule](#)

### **Bakgrunn for saka:**

Hausten 2017 vart §9a om elevens skolemiljø, endra. Endringa forsterka skulen si plikt til å handle dersom ein elev vart utsett for mobbing. Bakgrunn for endringa var det som kom fram i NOU 2015:2 «Å høre til. Virkemidler for et trygt psykososialt skolemiljø». Denne peika på at det også førekjem mobbing i barnehagen og at arbeidet for eit godt psykososialt barnehagemiljø må sjåast i samanheng med grunnopplæringa.

Vidare sa Meld.St.19 (2015-2016) «Tid for lek og læring – betre innhald i barnehagen» at:

*«Stortinget ber regjeringen fremme forslag om egen lovhemmel om et trygt omsorgs- og læringsmiljø, jf. opplæringsloven § 9a.»*

I ny «Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver» (2017) er barnehagen sitt ansvar understreka. Regjeringa ønsker i tillegg å lovfesta barnehagebarn sin rett til eit trygt og godt barnehagemiljø ved at ein innfører lovreglar som seier at ein skal ha nulltoleranse mot mobbing, som for eksempel erting, plaging eller gjenteken utestenging frå lek. Det vert også innført aktivitetsplikt for dei tilsette i barnehagen, dersom dette oppstår.

I tillegg til dette inneheld lovforslaget:

- Forslag om tillegg i §3 som omhandlar barns rett til medverknad
- Forslag om å innføre eit krav om at barnehagens lokale og uteareale skal ligge samla
- Forslag om å innføre eit krav om at den som er ansvarlig for barnehagen skal ha internkontroll med barnehagens virksomhet

- Forslag om å lovfeste krav til uavhengighet og likebehandling for kommunen som barnehagemyndighet.

### **Vurderingar:**

Vurderingane i høyringsframlegget for Bømlo er gjort i same rekkjefølgje som det framgår av høyringsnotatet.

Regjeringa føreslår eit nytt kapittel *VII Psykososialt barnehagemiljø*, som omhandlar nulltoleranse mot mobbing og plikt til å arbeida for å fremja eit godt psykososialt barnehagemiljø og førebyggja mobbing.

Vidare føreslår ein aktivitetsplikt og særleg aktivitetsplikt dersom ein tilsett mobbar barn.

Bømlo kommune stiller seg bak lovforslaget om barns rett til eit godt psykososialt barnehagemiljø. Det er positivt at barnehagebarn får same rett til eit trygt psykososialt miljø, som elevar i skulen og det synleggjer også at ein ser heile oppvekstsektoren i eit samanhengande løp. Det vil vera med å sikra kontinuitet i det systematiske arbeidet med psykososialt barnehagemiljø gjennom heile løpet frå 0-16 år. Lovforslaget er ei forsterking av det som alt er heimla i Rammeplanen, samt at den har liknande innretning i høve førebygging – avdekking – handtering av mobbing, som på ein god måte synleggjer barnehagen sitt ansvar. Alle barnehagane i kommunen har delteke i satsinga «Inkluderande barnehage- og skulemiljø» og er godt i gang med barnehagebasert kompetanseheving i samarbeid med kommunen. Barnehagane har saman med kommunen drøfta lovforslaget og ytra eit ønske om tettare samarbeid med kvarandre og kommunen for å sikra at barna i Bømlo opplever eit trygt barnehagemiljø.

I Bømlo kommune er alle barnehagane private og når dette vert lovfesta vil det gje kommunen styrka heimel til å sikra dette ved hjelp av rolla som barnehagemynde ved tilsyn og vegleing.

Regjeringa føreslår ei endring i §3 om *barns rett til medverking og omsynet til barns beste*. Bømlo kommune stiller seg bak dette forslaget.

Høyringsnotatet viser til både *Grunnloven § 4* og *barnekonvensjonen artikkel 3*. Bømlo kommune har dette som overordna prinsipp i nyleg vedteken *Kommunedelplan for oppvekst, Bømlo kommune*. Dette vert også følgt opp i kommunens arbeid med *Betre tverrfagleg innsats (BTI)*. Det er naturleg at dette vert teke inn i lova, som følgje av auka fokus på barnets syn og barnet si eiga oppleving av sitt psykososiale miljø.

I høyringsnotatet føreslår regjeringa ei endring av *§7 om krav til samla barnehageanlegg*

Ein av barnehagane i Bømlo har barnehageanlegget sitt på to stader. Dette er godkjent av kommunen. Me ser ikkje at lovforslaget vil påverka denne, sidan avstanden er såpass kort at både barn og vaksne lett forflyttar seg mellom bygga. Om lova vert strengare, peikar notatet på at det kan vera aktuelt med overgangsordningar og ber om at kommunane vurderer tidsramme for eventuell overgangsordning. Bømlo kommune føreslår to år som overgangsordning om dette vert aktuelt. Vidare peikar Bømlo kommune på at det må vera rom for skjønn i kommunen si vurdering av lovkravet. Slik får ein sikra at kommunen til ei kvar tid har tilstrekkeleg tal barnehageplassar. Når det gjeld nyetablering av barnehagar, stiller Bømlo kommune seg bak forslaget.

Bømlo kommune stiller seg bak lovkravet i *§7 d Internkontroll i barnehagen*. Barnehagane i Bømlo alt har gode rutinar for internkontroll etter *Forskrift om miljøretta helsevern i barnehage og skule*. Me har ført tilsyn om internkontroll og sist tilsyn avdekkja ingen avvik. Denne lovendringa vil sikra at kommunen, som barnehagemynde, vil få forsterka innsyn i drifta av dei ulike barnehagane.

Til slutt føreslår regjeringa ei endring i § 8 om kommunens ansvar som inneber at kommunen skal likebehandla private og kommunale barnehagar når den utfører oppgåver som barnehagemynde.

I Bømlo kommune er alle barnehagane private. Dette gjer at kommunen, som barnehagemynde har same avstand til alle barnehagane og ikkje har bindingar til kommunale einingar.

Me sluttar oss til forslaget om at barnehagestyrarar ikkje skal kunna utøva myndeoppgåver i eigen kommune. Kommunane i vår region har samordna tilsynet med både private og kommunale barnehagar i eit tilsynskorps, organisert i Forum for oppvekst i Sunnhordaland (heretter kalla FOS). I dette samarbeidet deltar kommunane Sveio, Etne, Stord, Fitjar, Kvinnherad og Bømlo.

Tilsynskorpset er organisert ved at tilsynspar frå ein kommune fører tilsyn i anna kommune og utarbeider ein tilsynsrapport. Ein kommunal barnehage vil såleis ikkje få tilsyn frå tilsette i eigen kommune. Oppfølging av funn som vert gjort i desse tilsyna t.d. pålegg om retting, eller rettleiing, vert gjort av barnehagen sin heimkommune. Tilsynspara i FOS består av barnehagefaglege rådgjevarar på kommunenivå, ein jurist (Bømlo) og styrarar/pedagogiske leiarar. Erfaringar har synt at det kan vera uheldig, dersom tilsynsparet består av to tilsette frå barnehage også i andre kommunar og vår praksis søker difor å sikra at den eine deltakaren i tilsynsparet er frå kommunenivå. Dette er også med å sikra tilsynsparet legitimitet.

Organiseringa i FOS er difor i tråd med vurderingane departementet gjev i høyringsnotatet. Det kan også vera grunnlag for å utøva myndeoppgåver på tvers av kommunar i høve andre områder, som t.d. søknader om dispensasjon frå utdanningskravet.

Ein kan også tenkja seg ein praksis der ansvaret for barnehagane er delt på to personar, der ein har utøvd eigaransvar for kommunale barnehagar og ein person har myndeansvar ovanfor dei private barnehagane.

#### **Økonomiske konsekvensar:**

Ingen

#### **Miljømessige konsekvensar:**

Ingen

#### **Beredskap- og samfunnstryggleik:**

Eit godt førebyggjande arbeid i barnehagen, vil vera med å sikra at barn og ungdom ikkje opplever utanforskap og blir marginaliserte i Bømlosamfunnet.

#### **Folkehelse:**

Eit trygt og godt barnehagemiljø verkar førebyggjande for å sikra at framtidige vaksne ikkje får seinskadar av mobbing. Dette kan føra til psykiske vanskar og betydeleg redusert folkehelse.

#### **Oppsummering og konklusjon:**

I ny «Forskrift om rammeplan for barnehagens innhold og oppgaver» (2017) er barnehagen sitt ansvar understreka. At ein no ønsker å styrka barnehagebarn sin rett til eit trygt og godt barnehagemiljø også i lova ser kommunen på som svært positivt.



Bømlo kommune stiller seg bak dei øvrige forslaga i høyringsnotatet, men ønsker å behalda kommunen sitt høve til å nytta skjønn der det kan få konsekvensar for kommunen sitt totale barnehagetilbud. Dette fordi det er kommunen som har oversikt over dei lokale tilhøve og behov.

**PS 5/19 SVAR PÅ HØYRING "FORSLAG TIL ENDRINGAR I BARNEHAGELOVA (INNFØRING AV LOVREGLAR OM PSYKOSOSIALT BARNEHAGEMILJØ OG INTERNKONTROLL MM" FRÅ BØMLO KOMMUNE**

**Rådmannen sitt framlegg til vedtak:**

1. Utvalet stiller seg bak framlegget til endring av barnehagelova slik den ligg føre
2. Rådmannen får i oppgåve å senda inn svaret innan fristen

**Saksprotokoll i Utval for levekår - 14.11.2019**

**Vedtak:**

Utval for levekår gjorde samrøystes **vedtak** i samsvar med rådmannen sitt framlegg.

